

---

**Fra:** Viel Ribberud [mailto:[Viel.Ribberud@hemsedal.kommune.no](mailto:Viel.Ribberud@hemsedal.kommune.no)]

**Sendt:** 22. mars 2013 10:45

**Til:** Postmottak LMD

**Emne:** Høyringsuttale endring av jordlova.

Hei.

Viser til e-post 7. mars 2013, og sender samråystes vedtak frå møte i Hovudutval for plan og ressurs 21. mars 2013. Vedtaket er uendra i forhold til tidlegare innsendt høyringsdokument.

Møteboka er ikkje gått i trykken, så vedtaket vert sendt slik:

**Samråystes vedtak frå møte i Hovudutval for plan- og ressurs 21. mars 2013, sak 14/13:**

**Hemsedal kommune ser at det er ynskjeleg å endre lovteksten i jordlova § 12, men har følgjande merknadar:**

1. I innleiinga til ny § 12, tredje ledd bør lovteksten syne tydelegare til § 1 i jordlova (føremål), gjerne med ordlyden «samfunnsgagnleg bruk» som står i § 1.
2. Hemsedal kommune tilrår at ordlyden i forslaget til lovtekst i ny § 12, tredje ledd, punkt tre vert endra til «omsynet til vern av landbruks- og utmarksressursane».
3. Omsynet til godkjende planar som ligg føre for arealbruken etter plan- og bygningsova og omsynet til miljø og kulturlandskapet bør takast inn att under ny § 12, tredje ledd.
4. Vurderingstemaet «drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket» bør takast inn att som eige punkt under ny § 12, tredje ledd.
5. Hemsedal kommune meiner det er betre å ta inn busetjingsomsynet som eit eige punkt under § 12, tredje ledd, på linje med dei andre punkta i ein heilskapsvurdering, og støttar ikkje at det vert sett inn som eit fjerde ledd som skal overstyre dei andre vurderingane. Kommunen ynskjer også ei klar formulering i lovteksten som hindrar ei utvikling der ynskje om frådeling med formålet tilleggsjord til aktive bruk, som jo er positivt, resulterer i at landbrukseigedomar med store areal og rettar blir «fritidsbruk», og videre gjennom «fritidseigedomane» sine areal og rettar legg føringer for utviklinga av landbruket og utmarka i kommunen.

Med venleg helsing

[Viel Ribberud](#)

Viel Ribberud

Jordbruksjef

Hemsedal Kommune

Tel: 31408814 / 97189186